

**KOMMISJONSFORORDNING (EF) nr. 2626/95**

av 10. november 1995

**om endring av forordning (EØF) nr. 1014/90 om gjennomføringsregler med hensyn til definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker(\*)****KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR -**

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsforordning (EØF) nr. 1576/89 av 29. mai 1989 om alminnelige regler om definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker<sup>(1)</sup>, sist endra ved tilmeldingsakta for Austrike, Finland og Sverige, særleg artikkel 1 nr. 4 bokstav i) post 1 bokstav b) og artikkel 15, og

ut frå desse synsmåttane:

Ved artikkel 6 i kommisjonsforordning (EØF) nr. 1014/90 av 24. april 1990 om gjennomføringsregler med hensyn til definisjon av, betegnelse på og presentasjon av alkoholsterke drikker<sup>(2)</sup>, sist endra ved forordning (EF) nr. 1712/95<sup>(3)</sup>, vart det høgste innhaldet av metanol i visse typar fruktbrennevin heva til 1 500 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol, med atterhald om at Kommisjonen vurderte korleis denne føresegna skal nyttast, på grunnlag av ei inngåande gransking av om det er mogleg å redusere det høgste innhaldet av metanol.

Den granskinga som Kommisjonen har utført, syner at det er mogleg å redusere det høgste innhaldet av metanol til om lag same nivå som for fruktbrennevin, slik det er fastsett i forordning (EØF) nr. 1576/89, men òg at ein slik reduksjon kan vere vanskeleg å gjennomføre, særleg for små destillasjonsføretak som ikkje har fullgode tekniske middel og fullnøyande økonomiske midlar til raskt å rette seg etter ei lågare høgstegrense. Av helseårsaker bør det gjerast freistnad på å redusere innhaldet av metanol i alt fruktbrennevin mest mogleg. Derfor er det gjort framlegg om å innføre, gradvis og i fleire etappar, ei ny høgstegrense for innhaldet av metanol i dei fruktbrennevina som er oppførde i artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 1014/90.

Det må fastsetjast overgangsføresegner som gjev høve til å selje produkt som er tappa før den nye høgstegrensa for innhaldet av

metanol tek til å gjelde.

Dei tiltaka som er fastsette i denne forordninga, er i samsvar med fråsegna frå Gjennomføringsutvalet på området alkoholsterke drikkar -

**VEDTEKE DENNE FORORDNINGA:****Artikkel 1**

I artikkel 6 i forordning (EØF) nr. 1014/90 vert det gjort følgjande endringar:

1. Nr. 2 skal lyde:
  - «2. Det høgste innhold av metanol i fruktbrennevin framstilt av fruktene oppført i nr. 1 skal være
    - 1 350 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol fra 1. januar 1998 og
    - 1 200 gram per hektoliter 100 volumprosent alkohol fra 1. januar 2000, med unntak av fruktbrennevin framstilt av Williamspærer (*Pyrus communis Williams*).»
2. Nytt nr. 3 skal lyde:
  - «3. Fellesskapsprodukter og importerte produkter omhandlet i nr. 1 som er tappet før henholdsvis 1. januar 1998 eller 1. januar 2000 i samsvar med bestemmelsene om innhold av metanol gjeldende før nevnte datoer, kan oppbevares med sikte på salg, omsettes og eksporteres inntil lagrene er tømt.»

**Artikkel 2**

Denne forordninga tek til å gjelde sjuande dagen etter at ho er kunngjord i *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Denne forordninga er bindande i alle delar og gjeld direkte i alle medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 10. november 1995.

For Kommisjonen

**Franz FISCHLER**

Medlem av Kommisjonen

(\*) Denne EF-rettsakten, kunngjord i EFT nr. L 269 av 11.11.1995, s. 5, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/97 av 10. juli 1997 om endring av EØS-avtalens vedlegg II (Tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering), se denne utgave av EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende.

(1) TEF nr. L 160 av 12.6.1989, s. 1.

(2) TEF nr. L 105 av 25.4.1990, s. 9.

(3) TEF nr. L 163 av 14.7.1995, s. 4.